

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 11/2564-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

20555/11

Dykkar ref.

11/82 ILB

Dato

LEIKANGER, 04.07.2011

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglar for eigedomsskatten for kraftverk

Vi viser til høyringsbrev frå departementet av 15.04.2011.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 29.06.2011 som sak 80/11 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at maksimums- og minimumsreglane for berekning av skattegrunnlag for kraftverk vert fjerna, ut frå at ei slik regelendring samla sett vil sikre at større deler av verdiskapinga i vasskraftsektoren vert tilbakeført til utbyggingsdistrikta.

Med helsing
Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Saksutgreiing med fylkesrådmannen si tilråding er vedlagt sendinga.

Mottakar (ar)

Finansdepartementet postmottak@fin.dep.no

Kopi til:

Samarbeidande kraftfylke



Kopi av saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Høringsuttale om maksimums- og minimumsreglar for eigedomsskatten for kraftverk.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at maksimums- og minimumsreglane for berekning av skattegrunnlag for kraftverk vert fjerna, ut frå at ei slik regelendring samla sett vil sikre at større deler av verdiskapinga i vasskraftsektoren vert tilbakeført til utbyggingsdistrikta.

Prenta vedlegg:

1. Brev 03.05.2011 frå Samarbeidande kraftfylke med vedlagt brev til departementet av 18.01.2011.

Uprenta vedlegg:

1. Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk.
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/hoeringer/hoeringsdok/2011/horing---om-maksimums--og-minimumsreglen/horingsnotat.html?id=641049>.
2. Brev av 31.01.2011 frå LVK til departementet
3. Notat frå KS til Kommuneproposisjonen 2012, høyring i kommunalkomiteen 24.05.2011.

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Finansdepartementet sende 15.04.2011 ut på høyring eit notat med problemstillingar rundt maksimums- og minimumsreglar for skattegrunnlag når det gjeld eigedomsskatt for kraftverk m.a. til Energi Norge (organ for kraftselskapa), LVK (organ for kraftkommunane), Samarbeidande kraftfylke og KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon). Fylkeskommunen er medlem i Samarbeidande kraftfylke og KS. Departementet ber i brevet om at høyringsinstansane vurderer om notatet bør vidaresendast til dei som vert direkte berørt av ev. endringar i regelverket. Samarbeidande kraftfylke har i eit brev 03.05.2011 til medlemmane varsla om at det vil bli sendt uttale til departementet, men at det enkelte fylket står fritt til sjølv å sende eigen uttale.

Departementet går i høyringsnotatet inn for å behalde dagens regelverk med maksimums- og minimumsnivå for skattegrunnlaget, men vil foreslå å justere satsane slik at realverdien av eigedomsskatten vert oppretthalden over tid.

Av brevet frå kraftfylka går det fram at er det LVK som har teke opp aktuelle problemstillingar rundt maksimums- og minimumsreglane fordi dei i dag direkte reduserer skattegrunnlaget for eigedomsskatten. Departementet inviterte 18.01. 2011 til eit drøftingsmøte om saka, der m.a. LVK, kraftfylka og KS var representert. Kraftfylka og LVK har grunngitt sitt syn i notat som vart framlagt i møtet eller ettersendt til departementet. KS har knytt merknader til saka i forbindelse med eit høyringsinnspel til Kommuneproposisjonen 2012.

LVK går i sitt notat om saka til departementet inn for å fjerne maksimums- og minimumsreglane for berekning av eigedomsskattegrunnlaget. Samarbeidande kraftfylke støttar dette forslaget ut frå at dette vil virke i rett retning for å tilbakeføre meir av avkastninga frå vasskraftproduksjonen til utbyggingsdistrikta. KS har i ein kommentar til departementet sin konklusjon i høyringsnotatet langt på veg støtta denne, dvs. halde på maksimums- og minimumsreglane, men justere satsane. Kommunar og fylkeskommunar som har eigardeler i kraftselskap, vil ved regelendringa som foreslått av LVK, merke endringar i retning av skatteskerping og dermed mindre avkastning på investert kapital.

Fylkesrådmannen rår til at maksimums- og minimumsreglane for berekning av skattegrunnlag for kraftverk vert fjerna, ut frå at ei slik regelendring samla sett vil sikre at større deler av verdiskapinga i vasskraftsektoren vert tilbakeført til utbyggingsdistrikta.

2. BAKGRUNN

Samarbeidande kraftfylke meiner ...

I eit brev til departementet (overlevert i drøftingsmøtet 18.01.2011) har Samarbeidande kraftfylke gitt si støtte til LVK sitt initiativ for å få fjerna maksimumsregelen for verdsetting av eigedomsskatte-grunnlaget. Kraftfylka byggjer sitt standpunkt på at fjerning av maksimumsregelen vil bety meir eigedomsskatt til kommunane, og dermed at ein større del av verdiskapinga i vasskraft-sektoren vert verande i utbyggingsdistrikta. I brevet fokuserer kraftfylka også på at eigedomsskatten kan vere problematisk med tanke på investeringsincentiv, konkret ved at eigedomsskatten for småkraftverk vert berekna ut frå utbyggingskostnaden. Dette vil innebere at dyre utbyggingar med relativt dårleg inntening blir skattlagt hardast. Kraftfylka meiner at eit relevant tiltak i denne samanhengen, kan vere fritak for eigedomsskatt dei første åra etter utbygging. Kraftfylka peikar i brevet på at skattesystemet bør vere stabilt, at både maksimal- og minimumsreglar vert fjerna og at faste skattar bør samordnast meir med overskotsskatter for sikre grunnlaget for verdiskaping i kraftselskapa. Kraftfylka tek også opp igjen tidlegare kampsaker som går på at utbyggingsdistrikta bør få tilgang til større deler av verdiskapinga, dvs. grunnrenteskatten og overskotsskatten. Brevet er avslutta slik:

Etter dagens regelverk er det staten som får dei klart største inntektene ved stigande kraftprisar, medan inntektsstiginga til kommunane er marginale og inntektene til fylkeskommunane er upåvirka. Berre om lag 2,5 % av skatt på kraftforetak tilfell i dag det regionale nivået.

Kraftfylka ber om at dept. ser på alternative regionale fordelingsmulegheiter, slik at inntektene i større grad allokterast i dei regionane der inntektskjeldene ligg.

LVK meiner ..

Etter drøftingsmøtet har LVK i eit brev til departementet 31.01.2011 gjort ei vurdering av aktuelle problemstillingar rundt skattlegging av kraftanlegg generelt, og eigedomsskatteregleverket spesielt. LVK meiner at departementet har vore lite presis i si framstilling av pengestraumane mellom dei ulike aktørane knytt til kraftsektoren og ber om at dette vert gjort betre i det venta høyringsbrevet. LVK meiner at dagens regelverk for eigedomsskatt ikkje er i samsvar med omforente prinsipp om at skattegrunnlaget skal utvikle seg i relasjon til lønsemda for skatteobjekta (kraftverka). Ordninga med maksimumsverdi fører til at eigedomsskatten på kraftanlegg i dag er i strid grunnleggande skattepolitiske mål om at skatt skal trappast opp i tråd med faktisk økonomisk lønsemd. Desse og andre problemstillingar som er tekne opp i brevet til departementet, er oppsummert slik:

- LVK mener det er uakseptabelt at:
 - skatterabatten til kraftforetakene øker med økende kraftpriser,
 - eierutbytterne til eierkommunene øker med økende overskudd,
 - skattetapet til vertskommunene øker med økende kraftpriser, og at

- kommunenes eiendomskatteinntekter reduseres i realverdi hvert eneste år.
- Minimums- og maksimumsverdiene var ledd i en overgangsordning mellom nytt og gammelt skatteregime, reglene var ment midlertidig.
- Maksimumsverdien gir kommunene en eiendomsskatt synkende i realverdi, uavhengig av lønnsomhet og stikk i strid med Stortingets hovedmålsetting om reelle markedsverdier som grunnlag.
- Dagens ordning fører til usaklig forskjellsbehandling, trolig ulovlig statsstøtte, konkurransevridning og den er et disincentiv i fornybarpolitikken.
- Dersom inntektsforskjeller kommuner imellom anses som et hinder for en opphevelse av ordningen, imøteser LVK en dialog med departementet.

Finansdepartementet sitt høyringnotat ..

I høyringsnotatet av 15.04.2011 er det sagt m.a. dette om dagens reglar for fastesetting av eigedomsskattegrunnlaget:

Kommunene kan velge å skrive ut eiendomsskatt på verk og bruk, herunder kraftproduksjonsanlegg. Eiendomsskatt kan skrives ut på inntil 0,7 pst. av eiendomsskattegrunnlaget. For vannkraftanlegg skal anleggenes formuesverdi (ligningsverdi) legges til grunn ved eiendomsskatteutskrivningen.

For kraftverk med en påstemplet merkeytelse over 10 000 kVA beregnes eiendomsskattegrunnlaget som en nåverdi over uendelig tid av sjablonmessig anslått nettoinntekt. Nettoinntekten anslås til gjennomsnittlige, normerte salgsinntekter fratrukket driftskostnader, eiendomsskatt, grunnrenteskatt og fremtidig investeringsbehov. Skattegrunnlaget kan imidlertid ikke være lavere eller høyere enn henholdsvis 0,95 kroner per kWh og 2,35 kroner per kWh av anleggets gjennomsnittlige produksjon over en periode på sju år (minimums- og maksimumsreglene). Dersom kraftverket har vært i drift i færre enn sju år, legges gjennomsnittet for disse årene til grunn.

For kraftverk under 10 000 kVA (småkraftverk) beregnes eiendomsskatten på grunnlag av skattemessig nedskrevet verdi av investeringene, dvs. skattemessig verdi per 1. januar i ligningsåret. Minimums- og maksimumsreglene gjelder ikke kraftverk som verdsettes etter de forenklede takseringsreglene.

Finansdepartementet er i skatteloven § 18-5 sjette ledd annet punktum gitt hjemmel til å fastsette diskonteringsrenten som benyttes i nåverdiberegningene i verdsettelsen av kraftverkene. Renten skal reflektere et tilnærmet markedsbasert avkastningskrav, fastsatt som en risikofri rente tillagt et risikotillegg som skal reflektere risikoen ved investeringer i vannkraftanlegg.

I høyringsnotatet er det gjort greie for historikk og verknader knytt til maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskattegrunnlaget. Det viser seg at innfor ein kort tidsperiode har andelen kraftverk som skal bereknast etter maksimums- og minimumsreglane endra seg radikalt. I 2007 låg 20 % av kraftverka på minimumsgrensa og 44 % på maksimumsgrensa. Tilsvarende tal for 2011 er 4 % og 88 %. Det er opplyst at tala er usikre, men det synest svært tydeleg at eigedomsskatteinntektene i dag vert vesentleg avkorta på grunn av regelverket. I notatet er det gjort greie for utviklinga i samla inntekter frå kraftsektoren til kommunar, fylkeskommunar, kraftselskap og staten i perioden 1997 til 2009. Vidare er verknader ved ev. oppheving av maksimums- og minimumsreglane knytt til eigedomsskatten vurdert. Viktige element i desse vurderingane er ein relativt stor auke i eigedomsskatten til kommunane i åra framover, provenytap for staten og auka skattebelastning for kraftverk og dermed redusert utbytte til eigarkommunar. For 2012 anslår departementet at avvikling av reglane gir staten et provenytap på minst 2 mrd. kroner. Samtidig vil inntektene til vertskommunane auke med minst 2,7 mrd. kroner. Departementet hevdar vidare at ein stor del av dei auka eigedomsskatteinntektene vil tilfalle nokre få kommunar. Avvikling vil difor isolert sett bidra til å auke inntektsskilnadene mellom kommunane.

Departementet konkluderer med at avvikling av maksimums- og minimumsreglane vil ha store proveny og fordelingsmessige verknader og meiner at reglane bør forast vidare. Departementet

vil foreslå justerte satsar for i større grad å reflekter realverdiutvikling og vil komme tilbake med konkrete forslag i budsjettet for 2012.

Avslutningsvis i høyringsnotatet går dept nærare inn på storleiken for risikotillegget i diskonteringsrenta som vert brukt for å berekne noverdi for framtidige kontantstraumar. I Ot.prp. nr. 47 (1999-2000) vart risikotillegget i kapitaliseringsrenta redusert frå 4 prosentpoeng til 3. Bakgrunnen for justeringa var ønskje om å auke eigedomsskatten til kommunane opp til 1 mrd. kroner. Venta eigedomsskatteinntekter for 2011 er over 2 mrd. kroner og departementet vil vurdere å foreslå ein auke i risikotillegget, noko som i neste omgang vi redusere eigedomsskatten. Departementet ber om synspunkt på eit forslag om dette.

KS meiner ...

KS har sagt dette i forbindelse med eit høyringsmøte 24.05.2011 i kommunalkomiteen ang. Kommuneproposisjonen 2012.

Maksimums- og minimumsregler for eiendomsskatt for kraftverk

Finansdepartementet sendte ut 15. april et høringsnotat med frist 15. juli om avvikling av maksimums- og minimumsreglene for kraftverk. I høringsnotat skisserer Finansdepartementet at maksimums- og minimumsreglene justeres i årene fremover, og ikke tas helt vekk.

Minimumsverdien som skulle sikre et "gulv" i eiendomsskattegrunnlaget – er i dag i praksis ikke i bruk. Dette betyr at eiendomsskatten på kraftverk mange steder har vært om lag uendret i en periode hvor kraftprisen har økt mye. KS ser at spesialordningen for kraftverk isolert sett er noe problematisk. Dette er en ordning som eksisterer for kraftverk, samtidig som minimumsregelen var for å sikre kommunens skatteinntekter i tider med lave kraftpriser, mens maksimumsregelen var begrunnet med symmetrihensyn.

Det kan være en fornuftig løsning å justere noe på minimum og maksimumsverdiene. En avvikling av korridoren vil gi relativt store fordelingsmessige virkninger og vil by på utfordringer. En justering av maksverdiene vil føre til at vannkraftkommunene vinner på omleggingen.

Krafteiere taper på omleggingen, og det skjer en vridning mellom skattesvake og skattesterke kommuner. Ifht. til effekten på rammetilskuddet er den usikker spesielt i lys av at skatteandelen skal være på 40 pst inkludert eiendomsskatt.

Reduserte eigarinntekter

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som fleire andre fylkeskommunar og mange kommunar eigarinteresser i kraftselskap, og vil ved skatteskerping merke dette i form av mindre utbytte på investert kapital. SFE AS der fylkeskommunen har ein eigardel på 48,15 % har i eit notat antyda ei skatteskerping på 50 % frå 25,7 til 38,4 millionar kroner basert på 2011-grunnlaget.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Det går fram av materiale som er framlagt av Finansdepartementet at utbyggingskommunane framover vil få vesentleg større inntekter frå eigedomsskatt, dersom maksimums- og minimumsreglane for berekning av skattegrunnlaget for kraftverk vert fjerna.

Av "Vedlegg 1. Eiendomsskattegrunnlag" går det fram at oppheving av maksimums- og minimumsreglane vil føre til at eigedomsskatt på kraftverk basert på 7 promille ville komme opp i 2,029 mrd. kroner på landsbasis i 2011. Auken på grunn av regelendringa ville lyde på 851 mill. kroner. I storleik 100 mill. kroner av dette ville gå til kommunar i Sogn og Fjordane, jf. tabell 3.11 i "Prop. 1 LS Skatter og avgifter 2011" der Luster og Aurland til saman vil få ein auke i skatteinntektene på 53 mill. kroner og "Vedlegg 1 Eiendomsskattegrunnlag" der Bremanger, Høyanger, Vik, Førde og Stryn til saman vil få ein auke i eigedomsskatteinntektene på 26 mill. kroner. Tal for Årdal og Lærdal går ikkje eksplisitt fram av materialet.

Skatteskerping vil bety mindre inntening for kraftselskapa og dermed mindre avkasting til kommunale og fylkeskommunale kraftverkseigarar. Eit grovt overslag basert på at vårt distrikt

har eigardeler tilsvarande 15-20 % av den utbygde vasskrafta i fylket, vil vise at ei skatteskjerpning på 100 mill. kroner, vil ramme lokalt eigde selskap/eigardeler med 15 til 20 mill. kroner. Sett opp mot overslaget på 100 mill. kroner i auka skatteinntekter, vil fylket samla sett komme best ut dersom maksimums- og minimumsreglane vert fjerna.

Fylkesrådmannen ser at det kan vere ein samanheng mellom fjerning av maksimums- og minimumsreglar for skattegrunnlaget for eigedomsskatten og ev. ei marknadsrelatert justering av risikotillegget i diskonteringsrenta, jf. høyringsdokumentet der departementet seier at ein vil vurdere å auke dette. Om maksimums- og minimumsreglane ikkje skulle bli fjerna, men vidareført med justerte satsar i tråd med departementet sitt forslag, meiner fylkesrådmannen at det derimot ikkje er naturleg å vurdere justering av risikotillegget.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at maksimums- og minimumsreglane for berekning av skattegrunnlag for kraftverk vert fjerna, ut frå at ei slik regelendring samla sett vil sikre at større deler av verdiskapinga i vasskraftsektoren vert tilbakeført til utbyggingsdistrikta.